



Jobbnorge-ID: 112242

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Førstekonsulent (prosjektøkonom)

Ved [Matematisk institutt](#) er det ledig ei fast stilling som førstekonsulent innan økonomi.

Matematisk institutt er eit av 8 institutt ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultet og har ein administrativ stab på 7 tilsette med ansvarsområde innan økonomi, studie, personal- og generell administrasjon. 2 årsverk er knytt til økonomifeltet.

Matematisk institutt har 32 faste vitskaplege stillingar i tillegg til vitskaplege tilsette i bistillingar og om lag 30 ph.d-studentar og postdoktorar. Instituttet gjev undervisning på alle nivå innan rein matematikk, anvend og rekneorientert matematikk, statistikk og lektorprogram i naturvitskap og matematikk.

Instituttet har i 2015 eit budsjett på 43,2 millionar kroner over grunntildelinga og 14,5 millionar kroner frå eksterne finansieringskjelder.

Arbeidsoppgåver

Som økonomikonsulent vil du få varierte arbeidsoppgåver innan økonomifeltet. Du vil ha eit tett samarbeid med det vitskaplege personalet i samband med deira ansvar som prosjektleiarar. Døme på oppgåver er:

- Utforming og oppfølging av budsjett
- Økonomirapportering
- Økonomioppfølging av instituttet sine eksterne prosjekt
- Bistå med førebuing av søknader/prosjektoppstart og oppgåver i samband med eksternt finansierte prosjekt
- Generell sakshandsaming innan økonomifeltet
- Diverse drifts- og serviceoppgåver

Kvalifikasjonar

- Utdanning på minst bachelornivå innan økonomi og rekneskap.
- Tilsvarande kvalifikasjonar kan vere oppnådd gjennom lang og allsidig praksis i sakshandsaming saman med relevant etter- og vidareutdanning.
- Det er ein føremon med relevant praksis og erfaring frå rekneskapsarbeid.
- God administrativ IT-kompetanse, særleg Office med vekt på Excel.
- Erfaring i bruk av økonomisystemet Oracle Financials er ein føremon.
- Kjennskap til og erfaring frå universitetssystem eller annan høgare utdanning/forvaltning er og ein føremon.

Personlege eigenskapar

- Gode kommunikasjons- og samarbeidsevne
- Evne til å arbeide sjølvstendig og ta ansvar innan eige arbeidsområde
- God økonomiforståing
- Fleksibilitet og serviceinnstilling
- Evne til å ta initiativ og vere løysingsorientert
- Gode analytiske eigenskapar og nødvendig presisjon (struktur) i arbeidet

I vurderinga av søkjarane vil dei personlege kvalifikasjonane som er naudsynte for stillinga verte vektlagde.

Språk

- Norsk og engelsk, både skriftleg og munnleg

Vi kan tilby

- Varierte og utfordrande arbeidsoppgåver
- Eit triveleg og inkluderande arbeidsmiljø
- Ein spennande internasjonal arbeidsplass med tilsette frå mange ulike nasjonar
- Løn etter lønssteg 42-53 (førstekonsulent i kode 1408/LR21.4-8) etter tenesteansiennitet og kvalifikasjonar
- For særleg kvalifiserte søkjarar kan vi vurdere høgare løn
- Kompetanse- og karriereutvikling. Gode interne kurstilbod innan økonomi og prosjektadministrasjon
- Fleksibel arbeidstid
- Medlemskap i Statens Pensjonskasse

- Stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- Gode velferdstilbod

Fakultetet har sett i gong ein større administrativ omorganiseringsprosess for å få ei administrativ fornying av institutta og fakultetsadministrasjonen. Den som vert tilsett, må difor vere førebudd på at arbeidsoppgåvene på sikt kan bli endra.

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til administrasjonssjef Marie Skorpa Nilsen, tlf. 55 58 28 62, e-post: marie.skorpa.nilsen@math.uib.no eller instituttleiar Sigmund Selberg, tlf. 55 58 42 77, e-post sigmund.selberg@uib.no

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan verte gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å verte ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje vert teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Søknad CV og kopi av vitnemål og attestar skal sendast elektronisk ved å klikke på knappen merkt «SØK STILLINGEN» på denne sida.

Søknadsfrist: 19. april 2015

Søknaden skal merkast: 2015/3575.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: